



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	16.10.2018
Tid:	13:30 – 17:15

Medlemmer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Brit Berge
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Konsulent eigedomsavdelinga Ida Marie Myklebust
Leiar samfunnsutvikling Jarl Martin Møller
Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn
Planleggar Eldar Hansen
Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Svein Gjelseth og Kjell Runde.

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte innleiingsvis om Statsbudsjettet for 2019 og viste gjennom ein presentasjon kva dette betyr for Herøy kommune. Presentasjonen vert sendt til medlemmane i formannskapet.

Solveig Båtsvik fekk permisjon kl. 15:30 før røysting i F-sak 177/18. Stig Arne Helsem Sævik møtte som vara frå handsaming av F-sak 178/18.

Dokument delt ut i møte:

Møtebehandling F-sak 176/18 og 177/18 i MTK og KN

F-sak 185/18 og 186/18.

Korrigert tertialrapport oppvekst.

Møtebehandling F-sak 184/18 i AMU.

Formannskapet vedtek å gi kr. 25.000 til TV-aksjonen 2018.

Belast konto 14700, ansvar 1011 og funksjon 100

Formannskapet vil ha sak om Lokale innkjøp av skulemateriell til politisk handsaming, jfr. R-sak 41/18 og F-sak 63/18.

underskrifter

Svein Gjelseth

Arnulf Goksøyr

Kjell Runde

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 166/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 167/18	Protokoll frå førre møte
PS 168/18	Delegerte saker
PS 169/18	Referatsaker
PS 170/18	Reguleringsendring gnr. 29 bnr. 32 - oppstart av planarbeid
PS 171/18	Detaljreguleringsplan Kvalsund Teige 2 - oppstart av planarbeid
PS 172/18	Presis og effektiv kystzoneplanlegging med fokus på havbruk (PROKYST) - søknad til Norges Forskningsråd
PS 173/18	Byutviklingsprosjektet Solparken
PS 174/18	Søknad om salsløyve ved overtaking av Rema 1000
PS 175/18	Finansrapport per 31.08.2018
PS 176/18	Budsjettkontroll per 31.08.2018
PS 177/18	Tertialrapport per 01.09.2018.
PS 178/18	Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2017
PS 179/18	Detaljreguleringsplan for Elsebø - klagehandsaming
PS 180/18	Slutthandsaming: Detaljreguleringsplan for Øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.
PS 181/18	Intensjon om å oveta eigarskap til Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn
PS 182/18	Leigeavtale Myrvåg legesenter og Herøy legesenter - Evaluering
PS 183/18	Strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2016/2018 Evaluering
PS 184/18	NAV. Godkjenning av vertskommuneavtale mellom Herøy og Vanylven
PS 185/18	Søknad om startlån og tilskot til etablering og tilpassing
PS 186/18	Svar på invitasjon til UNGDATA-deltaking 2019.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 23/18 Skjenkebevilling - søknad om skjenking for lukka selskap 19.10.2018

DS 24/18 Kjøp av 80/27 i Feirelia.

Referatsaker

RS 39/18 Oppfølging av Tilsyn med kommunale tenester til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning

RS 40/18 Lokale innkjøp av skulemateriell.

RS 41/18 Tv-aksjonen 2018

PS 166/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 167/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 168/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 169/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 170/18 REGULERINGSENDRING GNR. 29 BNR. 32 - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av reguleringsendring i *områdeplan for indre Bergsøy*, planID 201247, etter plan- og bygningslova § 12-14.

PS 171/18 DETALJREGULERINGSPLAN KVALSUND TEIGE 2 - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018

Formannskapet vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område på Kvalsund.

PS 172/18 PREIS OG EFFEKTIV KYSTSONEPLANLEGGING MED FOKUS PÅ HAVBRUK (PROKYST) - SØKNAD TIL NORGES FORSKNINGSRÅD

Møtebehandling:

Retting i tilrådinga:
Formannskapet vedtek, ikkje tilrår.
Rådmannen si tilråding med retting vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy formannskap vedtek at ein søker Norges Forskningsråd om innovasjonsprosjekt på vegne og i samarbeid med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven kommuner. Det er ei forutsetning at det ikkje medfører til auka kostnader og at prosjektet med kystsonoplan går vidare som planlagt.

PS 173/18 BYUTVIKLINGSPROSJEKTET SOLPARKEN

Møtebehandling:

Planleggar Eldar Hansen møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy formannskap vedtek at byutviklingsprosjektet Solparken med dette vert lagt ut på anbod.

PS 174/18 SØKNAD OM SALSLØYVE VED OVERTAKING AV REMA 1000

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot ei røyst.
Ola Brubakk røysta mot av alkoholpolitiske årsaker.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018

Cato Frisvoll Sigvartsen AS, org.nr. 921189370, får tildelt salsløyve, varegruppe 1, ved Rema 1000 som omsøkt.

Salstidene vert:

Kvardagar kl 09.00-20.00

Laurdag og dagar før heilagdag: 09.00- 18.00

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa.

Cato Frisvoll Sigvartsen vert godkjent som styrar.

Evy Jakoba Kvalsund er godkjent som stedfortredar.

Vedtaket gjeld for perioden: Frå vedtaksdato -30.09.2020

Vilkåret for løyvet er:

- sal, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.
- Internkontrollrutiner skal innleverast til kommunen seinast 1 mnd etter vedtak er gjort.

Vedtak er gjort med heimel heimel i alkohollova §§ 3-1 og 3-2.

PS 175/18 FINANSRAPPORT PER 31.08.2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Finansrapporten per 31.08.2018 vert teken til vitande.

PS 176/18 BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2018

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.
Møtebehandling i KHO, MTK og KN vart delt ut i møte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

1. Kommunestyret er uroleg for den økonomiske situasjonen i 2018 og vil på nytt be om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
2. Kommunestyret vil også be om at det vert gjennomført ei streng prioritering når det gjeld kjøp av varer og tenester.

PS 177/18 TERTIALRAPPORT PER 01.09.2018.

Møtebehandling:

Møtebehandling i MTK, KN og KHO vart lagt fram i møte.
Rett tertialrapport for komite for oppvekst vart delt ut i møte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

PS 178/18 EIGARSKAPSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.
Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål. Ho er medlem av styret i Herøy Vasslag. Ho går frå under handsaming av habilitet.
Ho vart samrøystes kjend inhabil, jfr. KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy kommunestyre tek eigarskapskontroll rekneskapsåret 2017 til vitande.

PS 179/18 DETALJREGULERINGSPLAN FOR ELSEBØ - KLAGEHANDSAMING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Kommunestyret kan ikkje sjå at klagen frå innbyggjarane på Bergslia/Bergshaugen og Bergshaugen velforening inneheld moment som ikkje er teke høgde for i det gjeldande reguleringsplanframlegget som vart vedteken i møte 23.08.2018, K-sak 93/18.

Klagen frå innbyggjarane på Bergslia/Bergshaugen og Bergshaugen velforening vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 93/18. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 180/18 SLUTTHANDSAMING: DETALJREGULERINGSPLAN FOR ØVRE FLUSUND, GNR. 27, BNR. 1 M. FL.

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

1. Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.* med plankart datert 11.05.2018 og føresegner datert 25.09.2018.
2. Delar av *områdeplan for Indre Bergsøy*, planID 201247 som ny *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.*, får konsekvensar for, blir oppheva.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og 12-12, samt forvaltningslova kapittel IV innan tre – 3 veker frå kunngjeringsdato.

PS 181/18 INTENSJON OM Å OVETA EIGARSKAP TIL BØVÅGEN-, KOPPERSTAD-, RUNDE-, SANDEBUKTA- OG SKORPA FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Møtebehandling MTK vart lagt fram i møte.
Stig Arne Helsem Sævik reiste habilitetsspørsmål.
Han er leiar i Herøy Fiskarlag som har kome med innspel i saka.
Han går frå under handsaming av habilitet. Han vart samrøystes kjend inhabil, Jfr. KL § 40, FVL § 6, 2. ledd.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy kommunestyre melder interesse om å overta desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn.

PS 182/18 LEIGEAVTALE MYRVÅG LEGESENTER OG HERØY LEGESENTER - EVALUERING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Kommunestyret tek evalueringa av avtalene med fastlegane ved Myrvåg og Herøy legesenter til vitende. Kommunestyret ber om at pkt.14 andre setning vert teke ut av avtalane.

Leigeavtalene med Myrvåg legesenter og Herøy legesenter vert med det gjort varige.

PS 183/18 STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN FASTLEGAR 2016/2018 EVALUERING

Møtebehandling:

Møtebehandling i KHO vart lagt fram i møte.

Tilråding frå komite for helse og omsorg vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Kommunestyret tek til vitende at evalueringa av den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016/2018 konkluderer med at planen har medverka til ei positiv utvikling av fastlegesituasjonen i kommunen.

Kommunestyret ber om at innspela som er kome fram i evalueringa vert teke inn i ein revidert plan. Den reviderte planen skal vedtakast av kommunestyret.

PS 184/18 NAV. GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE MELLOM HERØY OG VANYLVEN

Møtebehandling:

Tilråding frå AMU vart lagt fram i møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles NAV-kontor for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

PS 185/18 SØKNAD OM STARTLÅN OG TILSKOT TIL ETABLERING OG TILPASSING

PS 186/18 SVAR PÅ INVITASJON TIL UNGDATA-DELTAKING 2019.

Møtebehandling:

Saka vart lagt fram i møte.

Formannskapet tilrår alternativ 3 i rådmannen si tilrådinga

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy kommune ynskjer å slå følgje med dei 5/6 andre kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomføre ungdataundersøkinga ilag. Vi synes imidlertid at det er for tidleg å gjennomføre ei ny undersøking allereie i 2019 og vil vente med å delta til neste samla undersøking i 2022.

MØTET SLUTT!

